STORD KULTURSKULE

******

OVERORDNA PLAN

******

VISJON, MÅL OG TILTAK

******

PEDAGOGISK PLATTFORM

******

DEI ENKELTE TILBODA OG

MÅL FOR DESSE

******

STORD KULTURSKULE

VISJON

Stord kulturskule skal vera eit kunstfagleg ressurssenter for Stord kommune, og ein føregangsskule for kunstfagleg og kunstpedagogisk arbeid og utvikling i Sunnhordland.

****

MÅL

Kulturskulen skal yta tenester til kommunen sine innbyggjarar, til skular og barnehagar og til lag- og organisasjonslivet i kommunen.

Kulturskulen skal gje plass til alle som ynskjer eit tilbod innanfor dei aktivitetane den gjev tilbod om.

****

TILTAK

Kulturskulen skal gje tilbod innanfor eit vidt spekter av kunstfaglege aktivitetar som musikk, dans, drama, bildande kunst og ulike typar tverrfagleg aktivitet samt utøvande kunstnarleg verksemd.

For å få til ei heilskapleg kunstfagleg utvikling skal den leggja vekt på samarbeid med regionale og sentrale utdannings- og kunstfaglege institusjonar, med fylkeskommunen og med andre kommunar.

****

«Det er like viktig å kjenna verdien av ein ting, som å vite kva den kostar.»
(fritt etter Oscar Wilde)

PEDAGOGISK PLATTFORM OG GRUNNSYN

Stord kulturskule skal vera ein trygg plass for positiv utvikling. Den skal gje varierte og tilpassa tilbod til elevar og føresette. Kulturskulen skal vera uunnverleg i vårt lokale samfunn og gje meiningsfull og gjevande aktivitet sett i nær samanheng med andre tenester i og utanfor ordinær skuletid. Tenestene kulturskulen gjev til brukarane skal opplevast som gode, klare og målretta.

Kvaliteten på tenestene vert sikra gjennom velkvalifiserte lærarar, trivsel hjå elevane, dialog og samarbeid mellom brukarar og tilsette og stor grad av forutsigbarhet i korleis kulturskulen møter brukarane.

Me i Stord kulturskule veit at dersom tilhøva vert lagd til rette:

- opplever elevane våre eige arbeid som noko naturleg
- tek elevane våre medansvar for eiga læring
- har elevane våre rom for utvikling
- brukar elevane fantasi, intellekt og kreativitet ved problemløysing

Me veit også at barn lærer gjennom:

- at læraren formidlar
- dialog og samtale
- å gjera og etterlikna
- å sjølv påvisa problem, løysa dei og vurdera
- meistring av motstand

Dei tilsette i kulturskulen veit at dei arbeider med elevar/einskildmenneske som:

- ynskjer å utvikla sine kreative og kunstnariske evner
- har behov/ynskje om personleg engasjement frå læraren
- må få høve til å skapa og gjenskapa
- får innsikt gjennom problemløysing, utforsking og eksperiment
- må få høve til å arbeida etter eigne og andre sine mål
- må få høve til å ta ansvar for eiga læring
- vurderer og aksepterer
- må få høve til samarbeid med andre og arbeida individuelt
- må få høve til å utfalda seg, men også kjenna grenser
- føler tillit, men også respekterer autoritet

DELMÅL OG TILTAK FOR STORD KULTURSKULE

MÅL : *Sikra alle interesserte i Stord høve til å utvikla musikalske og skapande evner.*

TILTAK: *I samarbeid med heim, skuleverk, fritidskulturliv og andre skal kulturskulen medverka til å skapa kunstfagstilbod med breidde og kvalitet.*

MÅL : *Skular og barnehagar skal om ynskjeleg få høve til eit nyansert og rikt kunstfagleg miljø i klasse og skulesamfunn.*

TILTAK: *Gje tilbod om kompetanseheving innanfor kunstfaga til personale i barnehage og grunnskule. Initiera til tverrfagleg samarbeid med utgangspunkt i kunstfaga.*

MÅL : *Nærmiljøet skal få høve til kontakt med kulturskulen sine elevar, lærarar og ulike tilbod.*

TILTAK: *Kulturskulen driv aktivt utadretta verksemd.*

KULTURSKULEN SINE TILBOD OG VEDTEKNE DELMÅL FOR DESSE

Stord kulturskule har med bakgrunn og utgangspunkt i visjon, overordna mål og pedagogisk plattform utarbeidd delmål for dei ulike aktivitetane den driv med. Delmåla er formulert og beskrive som utviklingstrekk i ein elev si utvikling frå eleven startar i kulturskulen. Delmåla er vidare gjort gjeldande for undervisninga som vert gjeven innanfor skulen sine tilbod. Delmåla skal sikra oppfølginga for kvar enkelt elev samt sikra at dei tilsette følgjer opp dei overordna måla og den pedagogiske plattforma som er grunnlaget for drifta til kulturskulen.

Delmåla skal delast inn under desse gruppene (tilboda i ein framtidig kulturskule):

Musikkleik *- 0 til 3 – foreldre med barn* *- 4 til 6*	**Song** *- solosong* *- gruppesong* *- kor*
Strykeinstrument *- fiolin* *- bratsj* *- cello* *- kontrabass* *- hardingfele*	**Gitar** *- akustisk gitar* *- klassisk gitar* *- el. gitar* *- el. bass*
Tangentinstrument *- piano* *- keyboard/synth* *- kyrkjeorgel* *- akkordeon/trekkspel*	**Slagverk** *- rytmisk/melodisk*
Blåseinstrument *- treblåsinstrument* *- messinginstrument*	**Drama/teater** *- opera/musikal/musikkteater* *- teater og drama* *- figurteater/dokketeater*
	Nysirkus
	Litteratur/skriving
Ballett/dans	**Bildande kunst (kunst- og handverksfag)**
Musikk & data	**Design**
	Foto/Video/Film *(animasjon)*
Teoretisk opplæring innanfor kunstfaga	
Dirigering	**Ensembler** *- rock/jazz* *- folkemusikk* *- orkester* *- andre*
Komponering/arrangering	
Musikkterapi	
Samarbeid med skular og barnehagar	
Samarbeid med andre kommunale einingar og andre kommunar	**Utøvande kunstnarleg verksemd**
Sal av tenester til lag og organisasjonar	**Undervisning til vaksne (gjeld alle tilboda)**
Samarbeid med andre; lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt	

DELMÅL FOR KULTURSKULEN SINE TILBOD

Stord kulturskule skal vera ein stad for læring kor det faglege innhaldet til ei kvar tid er kvalitetssikra. Estetisk oppleving og skaping skal vera sentralt i opplæringa.

Opplæringa skal ivareta fagleg breidde, spesialisering, kreativitet, sosiale relasjonar og kommunikasjon i vidaste forstand og på alle plan. Kulturskulen vil også ta ansvar for at elevane i opplæringa opplever og blir kjent med vesentlege element frå vår nasjonale kulturarv.

Tryggleik er ein viktig føresetnad for god læring. Kulturskulen legg difor vekt på at brukarane møter dei tilsette i eit trygt og godt miljø prega av menneskeleg og fagleg samspel.
Den faglege utviklinga skal vera ein naturleg prosess for den eleven det gjeld.
Den handverksmessige sida av utviklinga skal vera ein integrert del av opplæringa.

MÅL FOR UNDERVISNINGA:

Undervisninga skal:

- utvikle eleven si estetiske og musiske oppleving
- utvikle eleven si evne til å skape og gjenskape aleine og/eller i samspel med andre
- utvikle eleven si naturlege evne til utfalding, ansvar og kreativitet
- gje eleven innsikt og erfaring gjennom ulike typar arbeidsmåtar og i fleire kunstnarlege uttrykksformer og stilartar

INNHALD I UNDERVISNINGA:

Undervisninga skal innehalde:

- variert aktivitet med utgangspunkt i eleven sitt ferdighetsnivå
- aktivitet som sikrar at den handverksmessige utviklinga til eleven vert teke vare på
- aktivitet som sikrar at eleven får delta i tverrfaglege prosjekt og tema
- aktivitetar med bakgrunn i vår eigen kulturarv
- aktivitetar som gjev kjennskap til fleire kunstnarlege uttrykksformer
- aktivitetar som gjev eleven høve til å delta i konsert-/framføringssamanhengar, aleine eller i samspel med andre

Trivsel:

- god atmosfære
- samspel
- humor/glede
- positive haldningar

Kunstforståing/-oppleving:

- estetisk sans
- sjølvoppleving av kunstnariske element/epokar/uttrykk
- samarbeid/samspel med andre kunstnarlege uttrykk
- lytting
- møta profesjonelle kunstnarar

TILBOD: Instrumentalopplæring

Mål for tilbodet:

Undervisninga skal:

- utvikle eleven si estetiske og musiske oppleving
- utvikle eleven si evne til å skape og gjenskape aleine og/eller i samspel med andre
- utvikle eleven si naturlege evne til utfalding, ansvar og kreativitet
- gje eleven innsikt og erfaring gjennom ulike typar arbeidsmåtar og i fleire kunstnarlege uttrykksformer og stilartar

Innhald i tilbodet:

Undervisninga skal innehalde:

- variert aktivitet med utgangspunkt i eleven sitt ferdighetsnivå
- aktivitet som sikrar at den handverksmessige utviklinga til eleven vert teke vare på
- aktivitet som sikrar at eleven får delta i tverrfaglege prosjekt og tema
- aktivitetar med bakgrunn i vår eigen kulturarv
- aktivitetar som gjev kjennskap til fleire kunstnarlege uttrykksformer
- aktivitetar som gjev eleven høve til å delta i konsert-/framføringssamanhengar, aleine eller i samspel med andre

Oppleva og forstå:

Musikkjennskap

- kjennskap til ulike instrument og musikalske stilartar
- musikkorientering
- musikkteori
- notekunnskap
- noteskriving
- komponering

Kjennskap til musikalske element

- puls
- rytme
- klang
- dynamikk
- frasering
- intonasjon
- artikulasjon
- improvisasjon
- kontrastar
- nyansar
- bruka røysta

Instrumentkjennskap

- arbeidsmåtar
- arbeidsstilling
- teknisk meistring
- samspel mellom kropp, instrument og utøving

Samspel

- gehørutvikling
- kommunikasjon
- sjølvdisiplin
- lytta
- konserttrening

TILBOD: Dans

Mål for tilbodet:

Undervisninga skal:

- ★ skapa glede gjennom rørsle
- ★ gjera bruk av fantasi og uttrykk hjå den enkelte elev
- ★ utvikla musikalsk uttrykk og kjennskap til musikk gjennom rørsle
- ★ skapa romkjensle gjennom rørsle – høgde, former, gruppeformasjon
- ★ utvikla sjølvkjensle
- ★ skapa respekt for andre

Innhald i tilbodet:

Undervisninga skal:

- ★ innehalde ulike danseformer
- ★ gje kjennskap til rørsledynamikk
- ★ utvikla kjennskap til ulike rørslemåtar og læra danseterminologiar
- ★ utvikla kjennskap og kjensle for muskelfunksjonar (elementær anatomi)
- ★ gje kjennskap til elementær dansehistorie og bakgrunn og opphav til ulike dansetypar/stilar
- ★ eksperimentera med koreografi
- ★ utvikla kjensle for kroppsrørsle og plassering
- ★ trena elevane i framføring av dans